

## Var Harald Hårfagre sogning? Sogn og Fjordane og rikssamlinga<sup>1</sup>

Sidan sagaskrivarane si tid har ein vore opptekne av korleis kongeriket Norge blei samla under ein konge: Felles for alle har vore at ein tilskreiv denne rikssamlinga til Harald Hårfagre. Dette har òg vore eit tema som moderne historikarar har debattert og skrive om, og særskilt var rikssamlingsprossesane eit sentralt tema hjå historikarane i den nasjonalromantiske perioden på 1800-talet. Av desse blei Harald Hårfagre si rikssamling sett på som sjølve startpunktet til den norske nasjonen og den seinare stordomstida i mellomalderen – det såkalla Noregsveldet i siste del av høgmellomalderen.

På 1900-talet kom historikarane si interessa for den første rikssamlingsfasen til å bli markant mindre: Ein viktig grunn til dette var at tradisjonen frå sagaskrivarane ikkje lenger fekk stå umotsagt. Sentralt i denne utviklinga står den Weibulske kjeldekritikken frå byrjinga av 1900-talet, som gjorde at sagalitteraturen i stor grad blei forkasta som kjelde til vår tidlegare historie. Kritikken frå Lurits Weibull, fekk òg sine talsmann her til lands, og særskilt kritisk var Halfdan Koht. I følgje Koht kunne ein ikkje lenger framstillinga i sagalitteraturen akseptere som truverdige kjelder til den tids historie.

Kritikken mot sagalitteraturen frå den kjeldekritiske tradisjonen har ført til at norske historikarar sidan mellomkrigstida i særskilt liten grad har arbeidd med den tidlege rikssamlingsfasen, og den eksisterande kjeldesituasjonen gjer også dette til eit interessant og relevant spørsmål i høve den komande fylkeshistoria: Korleis skal historia om Sogn og Fjordane i tilknytning til den første rikssamlingsfasen skrivast, kva tema kan det vere relevant å sjå nærare på, kva kan dei skriftlege og arkeologiske kjeldene om perioden fortelje oss? Og kanskje minst like viktig: Var Harald Hårfagre sogning? Etter mitt syn, er dette eit spørsmål som er interessant å ta opp, og den tidlege rikssamlinga, perioden som sagalitteraturen skildrar, er av særleg interesse for den komande regionssoga, fordi regionen i denne perioden synes å spele ei sentral rolle i norsk historie. Dette gjer at ein må nærme seg denne perioden, trass i dei vanskanane som finst med å nytte seg av sagalitteraturen.

---

<sup>1</sup> Denne kortfatta artikkelen er basert på eit føredrag som eg heldt i Florø 2. november 2012. Noteapparatet er av den grunn ikkje særleg omfattande, men det mest sentrale grunnlagsmaterialet er inkludert litteraturlista.

Det er klart at ei framstilling av den tidlege rikssamlingsfasen ikkje ein-sidedig kan nytte seg av sagalitteraturen; her må ein supplere med anna skriftleg og arkeologiske materiale som kan kaste lys over utviklinga i regionen og landsdelen, frå den kjeldefattige perioden frå 800-talet og fram mot tusenårsskiftet. Eksempel på eit slik skriftleg materiale kan vere utanlandske kjelder frå denne tida, skaldediktninga, eller det kan vere informasjon som ein finn nedteikna i den seinare skriftfestinga av Gulatingslova. Denne lovteksten som er bevart i nedteikningar frå slutten av 1100-talet, vart nedteikna fyrste gong på andre halvdel av 1000-talet, men den referer òg ein eldre skriftleg og munnleg tradisjon, som kan gi oss indikasjonar på dei rådande tilhøva i samfunnet lengre attende i tid. Ein har sett framveksten av eit større lovområde i samanheng med etablering av eit kongedømme, og oftast til Håkon Adelsteinsfostre, son til Harald Hårfagre. Lovteksten skildrar til dømes den inndelingane som fanst for Gulatinget, mellom anna at det då fanst ei delinga mellom Firdafylke og Sygnafylke, to regionar som i dag – til saman – samsvarar nokså godt med dagens fylkesgrenser. Arkeologisk materiale frå perioden gir òg viktig informasjon om samfunnstilhøva: mellom anna gir dei klare indikasjonar på at det tidleg i denne regionen har funnest fleire regionale maktsentra. Dette gir grunnlag for å kunne seie noko om dei politiske tilhøva i ein periode der dei skriftlege kjeldene er heilt fråverande eller mangelfulle.

### Ny fagleg interesse for den tidlege rikssamlinga

Den kjeldekritiske tradisjonen frå Weibull og Koht førte til at sagalitteraturen ut over på 1900-talet forblei ubrukt, men på dette feltet har det skjedd store faglige endringar dei siste tiåra, i første rekke gjennom antropologisk inspirerte studiar, men òg til ein viss grad ved at nokre historikarar på ny har retta blikket mot den politiske historia i perioden. I høve Sogn og Fjordane har særskilt arbeida til historikaren Claus Krag interesse.<sup>2</sup> Arbeida til Krag gjev håp om at sagalitteraturen kan nyttast, om den blir brukt med varsemnd og sett i relasjon til det øvrige kjeldemateriale, slik som skaldekvada. Det er særleg skaldekvada som ligg til grunn for mykje av Krag si nytolking av den politiske historia i perioden.

Sentralt hjå Krag er det at han avviser den framstillinga av rikssamlinga som ein finn hjå Snorre. I følgje Snorre si framstilling i *Heimskringla*, hadde Harald Hårfagre si rikssamlinga utgang i Vestfold og at han deretter la under seg dei andre delane av riket, ei samling som blir slutført ved slaget i Hafrsfjord. Snorre legg med dette vekt på at

---

<sup>2</sup> Claus Krag, "Norge som odel i Harald Hårfagres ætt: Et møte med en gjenganger," *Historisk tidsskrift* 68(1989); *Vikingtid og rikssamling 800-1130*, ed. Knut Helle, 12 vols., vol. 2, Aschehougs Norgeshistorie (Oslo: Aschehougs & Co (W. Nygaard), 1995).

rikssamlinga tok til i Vestfold og at det var der han opphavelig hadde sitt kongedømme. I Snorre si framstilling blir òg Harald Hårfagre si rikssamling framstilt som slutført, i den forstand at heile det seinare riket blei samla under hans styre. Med utgangspunkt i ein kritiske lesnad av sagalitteraturen og ei sterk vektlegging av dei overleverte eldre skaldekvada, hevdar Krag at rikssamlinga til Harald Hårfagre hadde sitt utgangspunkt i Sogn og ikkje i Vestfold. Om dette stemmer, så har regionen i utgangspunktet hatt ein sentral posisjon i vår tidlege historie – særskilt om ein ser dette i samheng med andre særmerkte utviklingstrekk i perioden, slik som etablering av ein sentrale tingstaden for Vestlandet i Gulen, og opprettinga av det første bispesetet i riket, på Selja i Nordfjord. Sett i eit slikt perspektiv blir historia til Sogn og Fjordane i den første rikssamlingfasen særskilt interessant. Desse utviklingstrekk har tidlegare i første rekke blitt fortolka innanfor ramma til den nasjonale historia, men dette er utviklingstrekk som òg må ha påverka regionen der dette vart utvikla og hadde sitt opphav. Difor blir dette sentrale tema å drøfte i fylkeshistoria. For å sette regionen inn i ein større samheng, blir det difor sentralt å spørje: Kva var «Norge» på denne tida, og kvifor kystområdet frå Nordfjord til Sogn var så sentralt?

Eit viktig utgangspunkt blir dei arkeologiske kjeldene: Det er desse som kan fortelje oss noko om utviklingstrekk ved samfunnet i perioden før rikssamlinga: I følgje arkeologen Bjørn Myhre fanst det rundt kysten av Vestlandet, frå Grenland til Nordfjord, 9 maktsentra på 400-500-talet. Mellom desse var Sogn og Nordfjord. På 800-talet var desse redusert til 3 maktsentra: Agder med sentrum i Fjære, eitt maktsenter på Jæren og eitt i midtre Sogn.<sup>3</sup> Denne reduksjonen i talet på maktsenter langs kysten tyder på ein langvarig prosess der talet på lokale hovdingar eller småkongar gradvis var redusert. Mykje tyder på at dette var eit samfunn der konfliktnivået var relativt høgt. Ein indikasjon på dette kan ein til dømes finne i dei mange gravfunna i Gloppen, der det er registrert 177 våpengraver fra merovingertid og vikingtid.<sup>4</sup>

Frå vikingtida har vi òg ei engelsk kjelde, som fortel om Ottar frå Hålogaland, som blei skriva ned i Wessex under kong Alfred den Store kring 890, gjennom ein tilføyning i Orosius si verdshistorie.<sup>5</sup> Denne kjelda fortel om Ottar sine reiser, men også om kor han budde og korleis han livnærte seg. Kjelda er av interesse i denne samheng fordi den fortel om korleis Ottar oppfatta landet i tida kring den første rikssamlingsfasen, og har som kjelde

---

<sup>3</sup> Bjørn Myhre, "Chieftain's graves and chieftom territories in South Norway in the Migration period," in *Studien zur sachsenforschung*. (Hildesheim: 1987).

<sup>4</sup> Krag, *Vikingtid og rikssamling 800-1130*, 2: 29.

<sup>5</sup> Sjø t.d. Irmeli Valtonen, *The North in the Old English Orosius : a geographical narrative in context* (Helsinki: Société Néophilologique, 2008).

informasjon av relevans for denne regionen. Ottar si forteljing inneheld ei generell skildring av Norge, eller *Norðmanna land* som det blei kalla. Landet som blei skildra var langt og smalt og alt land som ein kan pløyge låg ved sjøen. Lengst nord i landet – låg området der Ottar heldt til – der det fanst sjeldne og kostbare varer, som til dømes pelsverk, medan lenger sør i landet låg handelstaden «Sciringsheal», mest truleg Kaupang i Vestfold. Mellom desse ytterpunkta må det difor ha funne stad ein del trafikk – her fanst ein handelsveg som det truleg var økonomisk lønnsomt å kontrollere. Dette var «nordvegen» og folket som budde langs denne vegen blei sett på som ei folkegruppe, som nordmenn, eit folk som visse særkilte kjenneteikn, som hadde språk og kultur til felles, og skilte seg på denne måten frå daner, svear, gauter, kvener, finner og bjarmer.<sup>6</sup>

Kystleden var truleg det som folket langs etter kysten hadde felles, men det fanst òg ein regional identitet. Ottar nemner at han var frå Hålogaland. Det har mellom tidlege historikarar vore hevda at Norge i perioden før rikssamlinga var organisert i folkegrupper, slik som Håløyger, Trønder, Mører, Firder, Sygner, Horder, Ryger og andre. Kor vidt desse namna opphavleg har synt til folkegrupper eller til landskapsnamn har vore omdiskutert. Om det syner til landskap eller folkegrupper, så har den regionale identiteten vore viktig for folk, men ein kan ikkje seie sikkert kva tyding desse identitetane har hatt i høve politisk organisering. Ein kan ikkje ut i frå dette kan slutte om desse fellesskapa òg på eit tidleg tidpunkt var identiske med politiske einingar. Claus Krag legg vekt på at ein auka samferdsel i vikingtida kan ha lagt grunnlag for ei større kjensle av fellesskap enn tidlegare. I eit slikt perspektiv er det interessant at skalden Torbjørn Hornklove kaller Harald Hårfagre for *dróttin norðmanna*.<sup>7</sup>

Kva så med Krag sin påstand om at rikssamlinga hadde sitt utgangspunkt i Sogn. Krag skriv: «Mye tyder på at de eldste sagaene, som hadde hevdet at Harald Hårfagre var sønn av sognekongens datter, også hadde latt Sogn være utgangspunktet for rikssamlingen. Nóregs konungatal kaller Harald for *ræsir Sygna*, «sogningenes konge», i det han tar fatt på erobringsverket sitt.»<sup>8</sup> Dei eldre kjeldene – skaldekvada - har såleis ein annan versjon enn den Snorre Sturlason kjem med på 1200-talet, og er i mange tilfeller samtidige med hendingane i den forstand at dei oftast blei dikta like etter at hendingane hadde funne stad. *Skaldekvada* blir ofte siterte i kongesogene som belegg for hendingane. Eit kjenneteikn ved skaldekvada er at dei ofte blir nytta for å utsmykke forteljingane. Å nytte skaldekvada som

---

<sup>6</sup> Krag, *Vikingtid og rikssamling 800-1130*, 2: 81.

<sup>7</sup> Ibid.

<sup>8</sup> Ibid., 84.

kjelde til vår tidlege historie er likevel ikkje problemfritt. Skaldekvada blei overført i bunden form, frå generasjon til generasjon, og dette har nok bidrege til at dei har halde seg uendra, men dei er på ingen måte ideelle kjelder: Ein årsak til dette er at dei ofte er einsarta framstillingar av kampar og militære hendingar.

Snorre gjer greie for korleis Harald erobrar den eine landsdelen etter den andre med utgangspunkt på Austlandet, deretter Trøndelag og så kysten sørover, fram til erobringa blir avslutta i Hafrsfjord. Historikarar har lenge vore klar over at framstillinga til Snorre var ein seinare konstruksjon. Sentralt i Krag forkasting av framstillinga til Snorre, ligg Krag si fortolking av tidlegare kjelder, i første rekke *Haraldskvædi*, der slaget i Hafrsfjord blir skildra. Skalden Torbjørn Hornklove skal ha dikta dette kort tid etter sjølve slaget, og ein kan difor feste større lit til denne framstillinga enn til den seinare sagalitteraturen. Sentralt i Krag si lesinga av kvadet, er det at Harald Hårfagre blir angripen i sitt eige rike. Skaldediktet skildrar innleiingsvis korleis krigarane som går til angrep kjem i frå aust og blir leia av Kjetve den rike. Hæren blir i første rekke omtala som ein bondehær, men det blir i tillegg nemnt at dei er støtta av «berserkar» og «ulvhedner», leia av ein Haklang. Dette er av Krag tolka som at dette var profesjonelle soldatar og kanskje kan Haklang ha vore ein dansk stormann. Frå denne tida finst det ein runestein i Danmark som nemner ein Haklang, og kanskje kan dette har vore den same personen. Krag les framstillinga i *Haraldskvædi* som at Harald Hårfagre blei angripen i sitt eige rike, at han difor ikkje var ein framrykkande erobrar slik sagalitteraturen forfektar. Dette vil seie at han i forkant av dette herska over Sørvestlandet, der slaget stod, medan Kjetve og Haklang var dei som angreip Harald Hårfagre i hans rike. Skaldediktet bekreftar i første rekke at han hadde makt på Sørvestlandet, og at han her hadde direkte kontroll over det som utgjorde kjerneområdet i hans rike, frå Hordaland og sørover. Kva så med dei resterande delane av dette vestnorske riket?

Kanskje gav kontrollen over dei strategiske områda i søraust ei tilstrekkeleg sterk stilling til at han kunne krevje ei viss form for overherredømme i dei øvrige delane av landet. Det kan vere dette som kan ligge bak tradisjonen om at mektige menn blei Haralds jarlar. Mellom anna skal Atle den mjove i Sogn ha vore ein slik jarl, men det blir vanskeleg å forklare kva posisjon han hadde i høve den Harald Hårfagre sjølv skal ha hatt i dette området etter morfaren Harald Gullskjegg. Lenger nord i landet skal Ragnvald Mørejarl og Håkon Grjotgardsson ha hatt makt. Særleg skal Håkon Grjotgardsson, stamfaren til Ladejarlane, ha hatt ei sjølvstendig maktstilling både i Trøndelag og i Hålogaland. Ut i frå det ein kjenner til frå andre førmoderne samfunn, vil styringa over større territorium, der ein

mangla eit utbygd styringsapparat i form av eit byråkrati, for ein i stor grad vere styrt inndirekte, og i form av personlege relasjonar. Lokale makthavarar kunne anerkjenne ein overkonge, forplikta seg til å støtte denne i krig, og til å svare skatt eller underhold til han sjølv eller folka hans når dei kom på gjesting. Truleg var det slik Harald Hårfagre styrte i sitt rike, og dette kan forklare den stillinga som Atle den mjove skal ha hatt i Sogn. Kanskje var han Haralds mann i Sogn?

Herredømet til Harald Hårfagre må elles ha vore basert på militærmakt, og truleg var dette eit hardt og undertrykkjande regime. For halde på makta, heldt han nok ein hird som fekk underhold i form av veitsle. Veitsle var inntekter i form av ytingar i naturalia, som mat og drikke, som dei reiste rundt for å konsumere (*veizla* norr. yting). Harald auka makta si ved å leggje under seg gods frå motstandarar og denne godsmengda kunne han redistribuere til stormenn som støtta han, eller han kunne sette ein av mennene sine til å styre desse landområda. For folket i denne Sygna- og Firdafylke, førte nok Harald Hårfagre si rikssamling til både fordelar og ulemper. Om det var her erobringane hadde sitt utgangspunkt, førte nok denne første rikssamlinga etter kvart til at dei politiske tilhøva for ein periode blei meir stabile, noko som var ein fordel for folk flest. Eit anna positivt trekk var at Harald sitt styre i regionen heldt andre potensielle erobrarar vekk, og truleg let Harald folk flest stelle med sine eigne saker, så lenge dette ikkje kom i konflikt med hans interesser. Nokre stader må ein gå ut i frå at det var Haralds eigne menn som styrte og som fungerte som lokale høvdingar, der det tidlegare hadde vore folk med lokal forankring, men dette er ikkje noko vi kan seie noko sikkert om. Det er også vanskeleg å seie noko sikkert om når Harald Hårfagre levde og etablerte riket sitt. Kva seier historikarane og kjelde om dette?

Slaget i Hafrsfjord har vore nytta for å datere riket, men det må seiast at kronologien i denne fasen er omstridd og usikker. Det første året i norsk historie som kan tidfestast nokonlunde sikkert er Harald Hårfagre sitt dødsår, som truleg var i 932. Dette er ei datering som går attende til Are Frode på bytjinga av 1100-talet, og som blir rekna for å vere påliteleg. I følgje sagalitteraturen skal Harald ha levd i 80 år og at han skal ha blitt konge då han var ti år gammal, og at han skal ha fullført erobringane sine ti år etter at faren døydde. Dei norske historikarane som skreiv på 1800-talet, og som følgde framstillinga til dei islandske sagaskrivarane, tidfesta ut i frå dette slaget i Hafrsfjord og Norge si samling til 872. Dette er årstal som er høgst usikre og ein klar indikasjon på dette finn vi dei runde åra som sagaskrivarane knyter til Harald Hårfagre sin alder, til då han vart gjort til konge og seinare samla riket. Dette indikerer at dei mest truleg hatt lite konkret informasjon å tidfeste

framstillinga si til og at tidfestinga av Harald sitt styre i regionen og det seinare vestnorske kongeriket difor blir omtrenteleg.

I følgje sagalitteraturen døydde Harald Hårfagre fredlig, som ein gammal mann. Dette er ikkje einsbetydande med at det var fred i riket, for rivalisering mellom mektige menn fortsatte. I følgje Krag har denne uroa gjort seg gjeldande allereie i dei siste leveåra til kongen. Truleg har då Håkon Grjotgardsson kjempa med Atle Jarl om herredømmet i Fjordane, og som førte til at begge måtte late livet ved eit slag ved Stavenesvågen i Fjaler. Det kan vere ein munnleg tradisjon knytt til slaget som forfattaren av Egilssoga byggjer si framstilling av denne hendinga på, men eit kjenneteikn ved framstillinga i denne sagaen er den litterære karakteren.<sup>9</sup>

Kan Egilssoga trass sin litterære karakter fortelje oss noko om rikssamlinga i Sogn og Fjordane? Egilssoga er særskilt interessant grunna skildringane av dei politiske prosessane som fann stad i kjølvatnet av ekspansjonen til Harald Hårfagre: Eit eksempel på ei slik hending som illustrerer dette, er korleis Kveldulv ein stormann i Fjordane, i Firdafylke, prøver å halde seg unna maktkampane og striden mellom Harald Hårfagre og hans motstanderar, samtidig som han freistar unngå å å havne i kongens teneste. Under dei rådande politiske tilhøva, relatert til Harald sin ekspansive politikk og striden med andre motstanderar, synes det vanskeleg å oppretthalde ein nøytral posisjon. Sendemannen frå kongen krev at Kveldulv sjølv eller ein av sønene blir kongens hirdmann. Dette blir òg utfallet, då Torolv Kveldulvsson går i kongen sin teneste. Etter kvart kjem Torolv i konflikt med kongen og blir drepen. Som ein konsekvens av dette blir òg faren Kveldulv og broren Skallagrim dregne inn i konflikta, og må etter kvart flykte til Island.

Egilssoga inkluderer denne og fleire andre interessante hendingar, som tilsynelatande kan relaterast til dei politiske tilhøva i styringstida til Harald Hårfagre og dei første etterføljarane hans. Framstillinga kan kaste lys over dei indre makttilhøva i regionen og vere med på å forklare kvifor mange valgte å forlate regionen til fordel for ei framtid på Island. Men det store spørsmålet forblir om det let seg gjere å nytte denne som kjelde til denne første fasen i rikssamlinga. Ut i frå det vi tidlegare har sagt om bruken av sagalitteraturen, så synes dette vanskeleg. Det er fleire grunnar til dette: For det første er det mykje som talar for at forfattaren av Egilssoga var Snorre Sturlason, og Snorre sitt ry som historikar er at han ikkje alltid var etterretteleg, i det han ofte har lete andre motiv vere dominerande i sin konstruksjon av sagaene. Framstillinga er òg prega av å vere litterær, og

---

<sup>9</sup> "Egilssoga," (Samlaget, 2001).

mykje kan difor tale for at den primært ikkje blei skriva som ein historisk framstilling. Den hadde truleg meir til mål å underhalde lesarar og tilhøyrarar. Ein kan etter mitt syn ikkje feste særleg lit til at hendingane gjekk føre seg på nøyaktig same måten som dei er skildra i saga.

Trass i desse grunnleggande innvendingane, synes eg at Egillsoga er av interessane for den kommande fylkeshistoria, fordi den kan tolkast som ein levning og fortelje oss noko om oppfatningar som kan ha eksisterte om denne prosessen i Island på 1200-talet. Det primære blir då ikkje koreis det faktisk gjekk føre seg, men korleis ein seinare i mellomalderen har oppfatta spelet mellom aktørane i den politiske kulturen i den tidlege rikssamlingsfasen, og korleis ein såg for seg at utvandringa til Island kan ha gått føre seg. Framstillinga kan ha sitt opphav i munnlege tradisjonar som var levande i hundreåra etter utvandringa hadde funne stad. Framstillinga kan difor ha ein historisk kjerne, men må lesast med varsemd og i første rekke ei litterær fortolking av tilhøva i regionen på 800- og 900-talet.

Eg skal avslutningsvis vende attende til spørsmålet om kor vidt ein kan rekne Harald Hårfagre som sogning eller ikkje. Vanskane med å gi eit klart svar på dette er knytt til eit vanskeleg kjeldemateriale. Til grunn for fortolkingane må ein i første rekke legge dei eldste skriftlege kjeldene til grunn, skaldedikta, og desse gir ein klar indikasjon på at rikssamlinga hadde sitt utspring i Sogn. I den kommande fylkeshistoria vil difor hovudsynspunkta til Claus Krag vere viktig for framstillinga og forståinga av denne tidlege historia. Det er her viktig å påpeike at rikssamlinga var ein langvarig prosess, som ikkje sluttar med Harald Hårfagre – den kan først seiast å vere slutført med Skule Bårdsson sitt fall i 1240, i striden mot Håkon Håkonson. Her har eg ikkje trekt linjene så langt fram i tid, men i perioden fram mot tusenårsskiftet er det òg fleire andre relevante utviklingstrekk som ein kan knyte til kongemakta og ein byrjande rikssamlingsprosess – med ein særskilt relevans for fylkeshistoria. Her er fleire relevante faktorar å trekke vekslar på: i første rekke utviklinga av ei tingordning for Vestlandet, utbygginga av leidangen og den langvariege prosessen knytt til kristninga av regionen. Dette er ei utvikling som i første rekke var knytt Håkon Adalsteinsfostre, sonen til Harald, men òg til seinare kongar, og då særskilt Olav Trygvasson. Dette er tema som blir interessante å følgje vidare, då Sogn og Fjordane synes å stå sentralt i utviklinga her, med plasseringa av tingstaden i Gulen og etableringa av det første bispesetet i landet på Selja. Dette gjer det fagleg interessant å skriva ei regionssoge om denne eldste delen av Sogn og Fjordane si historie

I fylkeshistoria vil det bli sentralt å danne eit bilete korleis denne nærleiken til kyrkje og kongemakt kom til å påvirke samfunet utover i mellomalderen, der desse greip stadig



meir inn i dagleglivet til folket, til dømes gjennom innføringa av eit nytt verdbilete og nye krav om ytingar. Rikssamlinga til Harald Hårfagre var difor byrjinga på ein langvarig prosess som omforma denne regionen, slik den òg gjorde med resten av landet. Riksamlinga sette i gang prosessar som på sikt kom til å få innverknad på eit breiare lag av samfunnet – ein prosess sett i gang av sognekongen Harald Hårfagre.

## Litteraturliste

"Egillsoga." Samlaget, 2001.

Krag, Claus. "Norge som odel i Harald Hårfagres ætt: Et møte med en gjenganger." *Historisk tidsskrift* 68 (1989): 288-302.

———. *Vikingtid og rikssamling 800-1130*. Aschehougs Norgeshistorie. edited by Knut Helle. 12 vols. Vol. 2, Oslo: Aschehougs & Co (W. Nygaard), 1995.

Myhre, Bjørn. "Chieftain's graves and chieftom territories in South Norway in the Migration period." In *Studien zur sachsenforschung*. . s. 169-88. Hildesheim, 1987.

Valtonen, Irmeli. *The North in the Old English Orosius : a geographical narrative in context*. Helsinki: Société Néophilologique, 2008.